

VALLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

MØTEBOK

Møte nr. 03/24

Dato: 24.06.24 kl. 13.00 – ca. kl. 14.05.

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen.

<u>Til stades:</u> Knut Erik Paulsen, leiar Olav K. Hovet, nestleiar Lill-Grethe Tveiten Homme, medlem Liv Bratlie Løyland, medlem <u>Forfall:</u> Knut Olav Tveiten, medlem	<u>Andre til stades (heile eller deler av møtet):</u> Agder Kommunerevisjon IKS v/ Tor Ole Holbek og Maren Stapnes Agder Sekretariat v/ Inger Lise Austrud Administrasjonen v/ kommunedirektør Vidar Homme
--	--

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

Orienteringar

Kommunedirektør orienterte frå starten av møte om:

- Presentasjon av si tilbakemelding på forvaltningsrevisjonsrapport «Avvik og avvikshandtering»

SAKSLISTE

- SAK 11/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 08.05.24
SAK 12/24 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2023-2027
SAK 13/24 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2023-2027
SAK 14/24 KOMMUNEDIREKTØRENS OPPFØLGING AV
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «INTERNKONTROLL – AVVIK
OG AVVIKSHÅNDTERING I VALLE KOMMUNE»
SAK 15/24 REVISOR ORIENTERAR

Fast post

Videre arbeid i kontrollutvalet:

Eventuelt

Underskrift

Knut Erik Paulsen
Leiar

Kopi av møteboka sendes: Ordførar, kommunedirektør, revisor, postmottak og Setesdølen

SAK 11/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 08.05.24

Vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 08.05.24 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

Forslag til møteprotokoll frå møte 08.05.24

Bakgrunn for saka:

Forslag til protokoll frå møte 08.05.24 vert lagt fram for godkjenning.

Framlegg til vedtak:

1. Møteprotokoll frå kontrollutvalets møte 08.05.24 vert godkjent.
2. Leiar får fullmakt til å underteikne møteprotokollen

SAK 12/24 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2023-2027

Vedtak:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner ”Plan for eigarskapskontroll i Valle kommune 2023-2027» der det vert planlagt eigarskapskontroll i følgande selskap:

- *Setesdal Brannvesen IKS*
- *Konsesjonskraft IKS*

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å definere omfanget og innhaldet i eigarskapskontrollen, og til å foreta endringar i prioritering mellom dei aktuelle selskapa og eventuelt prioritere nye selskap dersom særskilde tilhøve skulle tilseia det.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Vedlegg:

1. Framlegg til Plan for eigarskapskontroll, Agder Sekretariat
2. Risiko og vesentlighetsvurdering Valle kommune, Agder Kommunerevisjon IKS

Bakgrunn:

Føremålet med eigarskapskontrollen er å kontrollera om den som utøver kommunens eigarinteresse, utøver mynde slik det er fastsett i den aktuelle verksemdslova samt ivaretek kommunens interesser i samsvar med kommunestyrets vedtak og forutsetningar.

Eigarskapskontroll begrenser seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande rammer for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet.

Ved prioritering av eigarskapskontroll kan følgande kriterier vere relevante i samband med ei risiko- og vesentlighetsvurdering:

- Selskapets tenestetilbod til kommunens innbyggjarar.
- Selskapets samfunnsmessige ansvar
- Kommunens eigarandel
- Økonomisk gevinst- og tapspotensial
- Kommunens motiv for eigarskapet

I plan for eigarskapskontroll 2019 – 2023 vart følgande prosjekter prioritert.

- Setesdal IKT
- Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Valle kommune har i førre planperiode gjennomført følgande eigarskapskontroll: .

- Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS (2022)

Vurderingar:

Kommunestyret vedtek planen etter innstilling frå kontrollutvalet. Det er anbefalt at kontrollutvalet gis fullmakt til å gjere endringar i planen dersom det skulle oppstå behov for det.

Budsjettramma for kontrollarbeidet set begrensningane for omfanget av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon som kan gjennomførast.

På generelt grunnlag vil det være naturleg å føreslå dei selskapa som er vesentlege, med høy risiko og prioritet. Kontrollutvalet prioriterer sjølv dei mest aktuelle selskapa i plan for eigarskapskontroll. Utvalet prioriterer og gjer framlegg i møte.

Dersom nabokommunar prioriterer ein eller fleire kontroller i same selskap som Valle kommune, vil det vere aktuelt å samordne gjennomføringa av prosjekta for ein mest mogleg effektiv ressursutnytting.

Framlegg til innstilling:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner ”Plan for eigarskapskontroll i Valle kommune 2023-2027» der det vert planlagt eigarskapskontroll i følgande selskap:

-
-

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å definere omfanget og innhaldet i eigarskapskontrollen, og til å foreta endringar i prioritering mellom dei aktuelle selskapa og eventuelt prioritere nye selskap dersom særskilde tilhøve skulle tilseia det.

SAK 13/24 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2023-2027

Vedtak:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til den framlagde "Plan for forvaltningsrevisjon for Valle kommune 2023-2027, der følgande områder/prosjekt prioriterast:

Prioritet	Tema/sector/selskap	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.	Teknisk enhet	Planlegging og styring av investeringsprosjekter
2.	Helsetjenesten i Bykle og Valle	Helsesamarbeidet

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjera eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gong andre prosjekt dersom utvalet ser behov for det.

Kontrollutvalet er tilfreds med orienteringa frå kommunedirektøren i forhold til meirforbruket på pleie om omsorg og finn ikkje rom for å prioritere ressursar til vidare gjennomgang av dette.

Saksutgreiing:**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud****Vedlegg:**

Framlegg til Plan for forvaltningsrevisjon, Agder Sekretariat
 Risiko og vesentlighetsvurdering Valle kommune, Agder Kommunerevisjon IKS (vedlegg til førre sak)

Bakgrunn for saka:

Kommunelova § 23-3 har bestemmingar om at det skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal utarbeidast minst ei gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.

Planen skal baserast på ein risiko og vesentlighetsvurdering av kommunens si verksemd og verksemda i kommunen. Plan for forvaltningsrevisjon skal vedtas av kommunestyret.

Formelt grunnlag:

Forvaltningsrevisjon er definert i kommunelova § 23-2 som fastsett at kontrollutvalet skal påse at »det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.» og § 23-3 som definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, etterleving av regelverk, måloppnåing og verkningar ut frå kommunestyrets vedtak.

Vurderingar:

Kontrollutvalet gjorde i møte 3. mai 2023 vedtak om å be Agder Kommunerevisjon IKS om å gjennomføre ein risiko og vesentlighetsanalyse av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap. I sine møte hausten 2023 ga kontrollutvalet revisjonen innspel på områder som dei meinte var viktig å arbeide vidare med i analysen.

Revisjonen har nå gjennomført risiko og vesentlighetsvurderinga og denne peiker på fleire ulike områder som kan være aktuelle for forvaltningsrevisjon. Tanken er at kontrollutvalet skal prioritere dei mest aktuelle av desse områdene i plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet kan og prioritere andre områder som man meiner er aktuelle.

Områder som ikkje prioriterast i planen, kan følgast opp på andre måter, f.eks. ved orienteringar frå administrasjonen til kontrollutvalet.

I framlegget til Plan for forvaltningsrevisjon 2023-2027 for Valle kommune er desse områda/prosjekt for forvaltningsrevisjon prioritert: (Utvalet gjer framlegg i møtet)

Prioritet	Prosjekt	Tema/sector	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.			
2.			
3.			
4.			
5.			
6.			

Dersom nabokommunar prioriterer eit eller fleire prosjekter med tilsvarende områder/tema som Valle kommune, kan det vere aktuelt å samordne gjennomføringa av prosjekta for ein mest mogleg effektiv ressursutnytting.

Føremålet med forvaltningsrevisjon er å bidra til forbetringar i kommunen. Det er viktig med eit godt samarbeid mellom administrasjonen, revisor og kontrollutvalet for å lykkast med dette.

Kontrollutvalet vil i løpet av planperioden prøve å få gjennomført flest mogleg prosjekt innafor dei budsjetttrammer som vert gjeven av kommunestyret.

Framlegg til innstilling:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til den framlagde "Plan for forvaltningsrevisjon for Valle kommune 2023-2027, der følgande områder/prosjekt prioriterast:

Prioritet	Prosjekt	Tema/sector/selskap	Aktuelt for forvaltningsrevisjon
1.			
2.			
3.			
4.			
5.			
6.			

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjera eventuelle endringar i prioriteringa av aktuelle prosjekter, og til å sette i gong andre prosjekt dersom utvalet ser behov for det.

SAK 14/24 KOMMUNEDIREKTØRENS OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «INTERNKONTROLL – AVVIK OG AVVIKSHÅNDTERING I VALLE KOMMUNE»**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar kommunedirektørens tilbakemelding til orientering.

Saksutgreiing:**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud****Vedlegg:**

Tilbakemelding frå kommunedirektøren datert 31.05.24

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde i sitt møte 15.12.2023 framlegg til kommunestyret i samband med rapport «Internkontroll – avvik og avvikshåndtering i Valle kommune».

Kommunestyret ber kommunedirektør fylgje opp dei tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll – avvik og avvikshåndtering i Valle kommune».

Kommunestyret ber kommunedirektør gje ei tilbakemelding til kontrollutvalet innan 01.06.2024 om korleis tilrådingane i rapporten er fylgd opp.

Skriftleg tilbakemelding følger vedlagt saka. Kommunedirektør er invitert til møte for å orientere. Revisor vil og vere til stades i møte og kan kommentere saka.

Tilrådingane i rapporten: (Kommunedirektøren sine tilbakemeldingar kjem under kvart kulepunkt i kursiv:)

- Kommunen bør ha økt fokus på alle typer avvik som bør meldes i internkontrollsystemet

Kommunedirektøren er samd i at det er nødvendig med auka fokus på å melde alle typar avvik i internkontrollsystemet. Talet på avvik har auka noko frå 2022 til 2023. Det er i så måte positivt, men funna revisjonen elles har gjort i forvaltningsrevisjonen indikerer at ein må leggje til grunn at det framleis vert meldt noko for få avvik. Avvik og avvikshandtering er faste tema på leiarmøta, arbeidsmiljøutvalet og likeins på avdelings- og personalmøte i heile organisasjonen. Opplæringsvideoane vert også vurderte som heilt avgjerande for å sikre nødvendig fokus på avvik, og etablere ein positiv meldekultur. Ambisjonen er at dette over tid vil gjeve tilstrekkeleg fokus på alle typar avvik.

- Kommunen bør fortsette opplæring i internkontrollsystemet for ansatte og ledere for å sikre at avvik og risiko for avvik avdekkes

Opplæringsopplegget me har gjennomført via teams og med opptak vert vurdert som fundamentet i avvikshandteringa og risikoavdekkinga. Ikkje minst med tanke på den generelle forståinga av kvifor avvik og avvikshandtering er viktig for

kvalitetsutviklinga av tenester og arbeidsprosessar. Me ynskjer å halde fram med denne opplæringa.

- Kommunen bør vurdere om rapporteringen om internkontrollen i kommunen gir den informasjonen de ønsker på området, jf. kommunelovens § 25-2

Kommunerevisjonen har kommentert at rapporteringa til kommunestyret om internkontroll er generell og at tilsvarande tema i budsjett og økonomiplan har eit noko gjentakande preg. Revisjonen meiner rapporteringa kunne fått større plass og fokus. Kommunedirektøren er samd i at kommunen har eit forbettringspotensiale i rapporteringa. I samband med årsmeldinga for 2023 er omfanget av internkontrollrapporteringa utvida. Internkontrollaktivitetane er meir utførleg omtala, m.a. opplegg for opplæring, oppfølging av leiarar og bruk av styringsverktøy for verksemdsstyring. Kommunedirektøren meiner desse endringane er eit steg i rett retning i høve til tilrådingane til kommunerevisjonen.

Vurdering:

Hensikten med denne oppfølginga er å sjå til at kommunedirektør har følgd opp anbefalingane i rapporten på ein tilfredsstillande måte. Sekretariatet har elles ingen merknader i saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar kommunedirektørens tilbakemelding til orientering.

SAK 15/24 REVISOR ORIENTERAR

Handsaming i møte:

Rekneskapsrevisjon:

Sluttfasen på forenkla etterlevelseskontroll som vert lagt fram i neste møte.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Saksutgreiing:

Sakshandsamar: Inger Lise Austrud

Bakgrunn for saka:

Det er kontrollutvalets ansvar å sjå til at det blir gjennomført revisjon i kommunen.

Revisor orienterar løpande gjennom året om relevante saker og tema. På denne måten held kontrollutvalet seg informert om det løpande revisjonsarbeidet.

Dei tema revisor orienterar om vil bli protokollført.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen frå revisor til orientering.

Fast post

Vidare arbeid i kontrollutvalet: Neste møte i kontrollutvalet er 02.10.24 kl. 13.00

Eventuelt